

Gunneria


57



Egil Bakka

*BRONSEALDERRISTNINGANE
PÅ BOGGE I ROMSDAL*

TRONDHEIM 1987



Gunneria

57

**Universitetet i Trondheim
Vitenskapsmuseet**

Egil Bakka

***BRONSEALDERRISTNINGANE
PÅ BOGGE I ROMSDAL***

TRONDHEIM 1987

ISBN 82-7126-420-6
ISSN 0332-8554


ABSTRACT

Bakka, E. 1987. Bronze Age Rock Carvings at Boggestranda.
Gunneria 57: 1-32.

The paper discusses some Bronze Age agrarian rock carvings found at Bogge, Nettet, Møre og Romsdal. Motifs depict boats, spirals and rings. The carvings are typologically dated to the end of the Bronze Age.

The panel chosen for the engravings is typical for western Norway, and is situated close to the ancient shore-line and partly submerged in water.

Egil Bakka (1926-1985) professor at the University of Bergen, Historical Museum.




1. FØREORD

I åra frå 1974 til 1981 dreiv Egil Bakka granskingar av helleristningar i Midt-Noreg. For det meste arbeidde han på Hammer i Steinkjer, men han granska også nokre lokalitetar i Romsdal.

Då Bakka døyde i 1985 var dette arbeidet ennå ikkje avslutta. Blant materialet frå Hammer som Liv Bakka ga til Vitskapsmuseet, Universitetet i Trondheim, låg det også eit ufullført manuskript om helleristningane på Boggestranda i Nesset, Møre og Romsdal. Manuskriptet syntes å vera så nær fullføring at det berre skulle til eit mindre redigeringsarbeid før det kunne publiserast. Dette arbeidet, som underteikna har stått for, har omfatta teikning av kart og andre illustrasjonar samt litteraturtilvisingar. Bortsett frå nokre små justeringar, er teksten slik Egil Bakka let han etter seg.


Trondheim, februar 1987

Kalle Sognnes



CONTENTS

1.	FØREORD	s. 7
2.	BOGGERISTNINGANE	s. 9
	2.1. Boggestranda	s. 9
	2.2. Figurane	s. 13
	2.3. Vassiget	s. 19
3.	SAMANLIKNINGAR	s. 22
	3.1 Motiva	s. 22
	3.2 Plassering i lendet	s. 27
	3.3 Vassig	s. 28
4.	SUMMARY	s. 30
5.	LITTERATUR	s. 31



2. BOGGERISTNINGANE

2.1. Boggestranda

På Ytre Bogge i Eresfjorden, Nesset kommune, Møre og Romsdal, finn ein den største samlinga av helleristningar på Nordvestlandet (fig. 1). Mest kjende er veideristningane med bilete av dyr og kvalar på to lokalitetar noko opp frå sjøen. Men der er også ristningar med båtar av bronsealderstype på lågare lokalitetar. Det er ein av desse, på berg ned mot sjøen i høgda 6,5 til 8 m o.h. som skal skildrast og dryftast nærare her.

Bronsealderristningane på Bogge vart oppdaga av den svenske arkeologen Gustaf Hallström i 1913 i samband med den systematiske granskninga av veideristningane som han hadde teke opp i 1906, dreiv med i ein mannsalder og som resulterte i to store bøker: *Monumental Art of Northern Europe from the Stone Age I, The Norwegian localities* (Hallström 1938) og *Monumental art of Northern Sweden from the Stone Age. Nämforsen and other localities* (Hallström 1960).

Hallström granska ristningane på Bogge to gonger, i 1908 og i 1913. Andre gongen, i 1913, oppdaga han både den nedre og den vestre lokaliteten med veideristningar (Hallström: Bogge II og III, Gjessing: Bogge II) og bronsealderristningar på 2-3 lokalitetar endå lenger ned. To grupper av båtar er no vanskeleg å finna att. Ei skal etter Hallström finnast lengre vest på same bergryggen som har den nedre samlinga av veideristningar, og ei anna gruppe med 3-4 båtar "is about 12 m south of the extreme end of the rock containing Group III. There are also cup-shaped hollows" (Hallström 1938, s.411). Kalkering av ei av desse gruppene er attgjeven av Hallström (1938) på fig. 412 ned til høgre (her




Fig. 1. Kart over delar av Romsdal og Nordmøre med bergkunstlokalitetar avmerkte. Sirkclar er veideristningar, trekantar veidemalingar og firkantar er jordbruksristningar.

fig. 2). Når ein samanliknar landskapet i dag med Hallströms fotografi frå 1913, er det mest ikkje til å kjenna att. Det aktuelle området er tilvaks med tett skogkratt der det før var bergsua, grasbakkar og einskilde tre og buskar. Det er no svært vanskeleg å leita etter ristningar der. Ved vår vitjing i 1978 fann vi heller ikkje noko.

Ristningane nede ved sjøen (Bogge IV) er derimot lettare å finna. Det var dei Hallström oppdaga fyrst:

"During my levelling work I observed at a distance among the rocks of the shore a black, smooth, faintly concave panel, and said to myself that it looked like a typical panel for a Bronze Age carving. Later I went there and found 1) three figures of ships (fig. 99) and one cup-shaped hollow, 2) 3.8 m from there at least two ships and a few cup-shaped hollows, and 3) 4.4 m from the foregoing three more ships. Of these three adjacent groups the first is 7 m and the third 6.4 m a.s." (Hallström 1938, s.41).

Forutan fotografiet fig. 99 syner Hallströms figur 412 oppe til venstre kalkering av ein av båtane i hans fyrste gruppe, nede til venstre er hans andre gruppe og oppe til høgre to av båtane i hans tredje gruppe (fig. 2). Det er alt saman konturteikna båtar av bronsealdertype, som Hallström sjølv gjer merksam på. Dessutan er det dei uvanlege figurane i øvre kanten av hans andre gruppe.

Bronsealderristningane nede ved sjøen er vidare nemnde av Gjessing (1936, s.126). S. Marstrander (1963, s.68) omtalar dei som "nesten deformert til ukjennelighet er et par eksemplar av den skjematiske varianten av Hafslundgruppen" med tilvising til bilete hos Nordén (1939, taf.7 nr.40 fig.2 og 3). Nordéns bilete er ikkje særleg representativt for ristninga. Bogge IV er elles omtala av Hagen (1969, s.126) som reknar Bogge med til "blandristningane" eller "billedfelter av blandet karakter", der veideristningar og jordbruksristningar finst saman, utan å dryfta tilhøva på staden

nærare. Sjølv har eg hevda at Bogge og somme andre bør avskrivast som "blandristningslokalitetar" (Bakka 1973, s.186 note 1). Dei ulike ristningane ligg bra skilde topografisk, og dei eldre bileta kan knapt ha gjeve grunn til at dei yngre kom der. I ein diskusjon om eventuell ubrotten tradisjon i det å laga helleristningar - frå veideristningane til jordbruksristningane - står vi framfor fleire problem, og det bør vera klårt at det har noko å seia i denne samanhengen at ein også får klårlagt tilhøva på Bogge best mogeleg. Eg tek ikkje her sikte på å få fram endeleg klårlegging, men den skildring og dryfting eg her vil gje av bronsealderristningane ved stranda på Bogge bør kunne vera eit tilskot til diskusjonen om eit viktig problem som gjeld kulturell tradisjon eller avbrot i norsk førhistorie.




Fig.2. Hallströms kalkering av bronsealderristningar på Bogge. (Etter Hallström 1938 s. 412)

2.2. Figurane

Sør for berga med veideristningar (Bogge I og III) går det eit lite dalsøkk vestover skrått ned mot sjøen til ei lita vik. Vestover ca. 100 m langs stranda herifrå er vide, bylgjande svaberg til enden av eit lite nes. På toppen av dette neset ligg ei gravrøys som ikkje er nemnd i litteraturen, men ho er godt synleg på Hallstrøms fotografi fig. 98, litt til venstre for midten på biletet. Røysa er jordblanda, ca. 10 m i tverrmål og ein m høg med eit stort søkk i midten, no tilgrodd, visseleg etter utkasting i gamal tid. Røysa er tilgrodd med kratt og merkjer seg ikkje lenger slik ut i lendet som på Hallstrøms fotografi.¹

Ristningane ligg eit halvt hundre meter aust for gravrøysa, beint opp frå den vesle vika, nær øvre kanten av svaberget, på ein stad der det kjem eit bra sterkt vassig frå ei lita myr tett ovafor. Myra er lang og smal, parallell med stranda og oppdemd av berget som ristningane står på. To stader omlag 5 m frå kvarandre renn vatn frå myra utover svaberget. Nett her, for ein del i sjølve vassiget, finn ein ristningane. Hallstrøms fotografi fig. 99 må ha vore teke i ein turrversbolk. Då vi var på staden var det sterkt vassig, og refleksane på det våte berget gjorde det lettare å sjå figurane enn om berget hadde vore turt i det lyset vi hadde. Bergflata hallar mot sør med litt varierende fall, gjennomgåande ca. 20 gradar. Bergarten er ein glimmerhaldig gneis med ståande lagdeling i retning aust-vest. På ristningsflata går lagdelinga noko nær horisontalt. Det er sprekkar etter lagdelinga og i ymse skråretningar i høve til den. Dessutan er det skuringsstriper som går skrått ned-høgre opp-venstre. Bergflata er elles jamn og slett, men ein del vitra og ru, med korn av

¹ Røysa vart registrert i 1978 og har reg. nr. R1 flyfoto 4543 E4 (jfr. Wik 1979)

hardare mineral som står inntil 2-3 mm opp over flata omkring. Denne vitringa har ikkje viska ut dei mange djupe skuringslinene eller ristningslinene, men ristningslinene er gjennomgåande sterkt avrunda i kantane og såleis nokså diffuse. Somme stader er linene heilt utvittra, så at dei ikkje lenger kan påvisast der ein nokså sikkert måtte vente at det har vore liner. Dei horisontale linene i båtane fylgjer lagdelinga i berget. Ut frå den karakter dei no har, kan dei ikkje skiljast frå naturlege liner, og i somme tilfelle kan ein rekne med at ristningsliner er opphogne naturlege liner, såleis t.d. i nr. 8. Til å identifisera ristningsliner vert då det viktigaste kriteriet det at dei gjev meining i figurar som sikkert kan reknast for å vera folkeverk. Dei krumme linene i endane av båtane er noko av det sikraste ein har å halda seg til når ein skal avgjera kva som er ristning og kva som er natur.

Det er mykje truleg at det opphavleg har vore fleire figurar enn det vi no kunne sjå, særleg i den austre delen der ein no berre kan identifisera delar av 3 båtar, som også Hallström nemner. Han har også publisert to av dei (Hallström 1938 fig. s. 412 oppe til høgre - her fig. 2). Hallström fann i alt 7 båtar, nokre få groper og eit par meir uvanlege figurar som kan vera vanskelege nok å tolka, ordna i tre grupper med nokre få meter mellom kvar. Der er også figurar på berget mellom hans fyrste og andre gruppe.

Vi fann i alt 12 båtar, ein liten dobbelspiral, ein ring med ein firkant over, to figurar med uviss meining og eit par litt uvisse groper. Ristningane strekkjer seg over ca. 12 m. Figurane er nummererte frå venstre mot høgre, eller frå vest mot aust (fig.3 og 4).

1. **Båt.** To horisontale, parallelle liner som bøyer opp mot høgre. Svært ufullstendig utan sikre avslutningar på linene nokon stad. Kalkert for seg sjølv. Høgre ende 62 cm frå nr. 2 og 120 cm frå nr. 3 og på høgde med den.




Fig. 3. Den vestre gruppa på Bogge IV. Kalkering ved Egil Bakka 1978.

2. **Båt.** Breie, men litt diffuse liner. Står i jamt og pent fjell og er fullstendig. Over båten er to parallelle liner, lett bogne, litt smalare enn linene i figuren elles, men høyrer sikkert saman med han. Gjennom stamnane til høgre går ein naturleg sprekk (oppkrita på foto hos Hallström fig. 99 nede til venstre).

3. **Båt.** Avslutninga på stammen til venstre er uviss, og dei indre linene i høgre ende er svært grunne og veike. Men mi kalkering er meir sannsynleg enn Hallströms (fig. s.412 oppe til venstre). Hallströms foto (fig. 99 oppe til høgre) syner båten oppkrita. Også her synest det å gå fram at stamnavslutninga til venstre er uviss, liksom oppkritinga av høgre ende på fotografiet betre svarar til det som er på berget enn Hallströms kalkering. 12 cm utanfor høgre ende er ei lita grop.

4. **Båt.** Grunne liner, litt diffuse, men sikre nok. Gjennom nedre del til venstre går ein naturleg sprekk, elles er figuren truleg fullstendig. Over båten er ei lett bogen horisontal line som svarar til dei to linene over nr. 2 (oppkrita på foto Hallström 1938 fig. 99 nede til høgre).

5. **Båt.** Står opp ned. Mot høgre endar stamnlina i ein smal naturleg sprekk. Litt av kjøllina vantar, truleg bortvittra. Mot venstre er to mannskapsstrekar, grunne, men heilt sikre, utan avslutning på endane. Spor etter fleire mannskapsstrekar kunne ikkje påvisast, men berget her er sterkt vittra, og det var relativt sterkt vassig over denne delen av figuren. Ikkje funnen av Hallström.

6. **Båt.** Særleg djupe og kraftige liner. Dei horisontale linene synest å vera opphogne naturlege liner i berget, men figuren er fullstendig og

sikker nok. Romsdalsmuséet i Molde har ei avstøyping av denne båten, som ikkje er med hos Hallström.

7. **Rest av båt?** Grunn og veik horisontal line som bøyer opp mot venstre.
8. **Båt.** Ufullstendig. Dei horisontale linene er truleg opphogne skuringsstriper. Sikkert menneskeverk er berre dei opphogne linene i endane.
9. **Dobbelspiral.** Grunne, diffuse og litt ujamne liner, men figuren verkar sikker nok.
10. **Ring.** Liten og ufullstendig. Høgre del er truleg utvitra.

I berget ved 9-10 og vidare mot høgre synest det å ha vore hogge noko meir, som det no ikkje var råd å finna ut av. Figurane 11-16 finst oppkrita på Hallströms fotografi fig. 100 og i kalkering på hans fig. s. 412 nede til venstre (her fig. 2). Dei står i sterkt vitra berg. Særleg den øvre delen er vanskeleg å finna ut av.

11. **Hjarteforma figur.** Bra djup, men diffus line. Hallström har kalkert ei midtline nedover som knyter figuren saman med nr. 12 og med ei linestump til venstre. Her er berre ei brei og diffus fordjupning i berget. Det kan ikkje påvisast noko som må vera hogge.
12. **To små ringar med midtgrop.** Står i sterkt vitra berg, og det er vanskeleg å avgjera i alle detaljar kva som er hogd og ikkje. Hallström har figuren meir fullstendig enn eg, men særleg oppe til høgre er berget så vitra og ujamt at det er uråd å påvisa noko sikkert, om enn Hallströms kalkering verker svært sannsynleg. Frå figuren går ei bogen line mot høgre. Ho er truleg ikkje naturleg.

Over og parallelt med den har Hallström kalkert ein linestump. Denne fylgjer lagdelinga i berget, og det er uråd å avgjera om han er hogd eller ikkje.

13. **Båt?** Merkeleg figur, tør kanskje best tolkast som to båtar over einannan, der kjøllina på den øvre er relingsline på den nedre. Venstre ende står i sterkt vitra berg, og her har eg funne sannsynleg avslutning på den øvre båten, som vantar på Hallströms kalkering. Nær høgre stamn har han derimot teke med ei stutt line på skrå opp mot høgre, som eg ikkje har med. Ho gjev god meining, med di ein med det får ein øvre båt som heilt svarar til typen elles på feltet.
14. **Hjarteforma figur.** Heilt som nr. 11, med jamn, rundbotna line. Heilt sikker. Mellom denne figuren og høgre ende på nr. 13 er fullt av søkk og linestumpar som truleg er restar av hogd figur, men som eg ikkje greidde å finna ut av. Hallström har her kalkert nokre små ovalar eller romber. Om ein overfører tanken frå 11-12, kunne det gje meining.
15. **Ring** med firkanta "handtak" over. Ikkje funnen av Hallström. Grunn og diffus line i vitra berg, og det er no uråd å avgjera om den vertikale midtlina har nådd heilt opp til øvre kanten på ringen. Inne i ringen er nokre små, men distinkte søkk i berget som ikkje finst tilsvarande utanom og som difor er kalkerte med.
16. **Båt.** Plassering i høve til 11-14 sjå Hallströms kalkering. Djupe og kraftige liner, men diffuse i kantane. Kjøl- og relingsline er for ein del opphogne naturlege liner i berget, og dette tør forklåra kvifor båten er breiare mot høgre enn mot venstre. Hallström har kalkert fire små stumpar av mannskapsstrekar, som eg ikkje har med. Dei er mykje grunnare enn linene elles og kan vera utvitra søkk i

kanten av lina. Likeeins har Hallström teke med ei lita, uviss grop inne i skroget og ei grop eit stykke over venstre del av båten, medan eg har kalkert ei lita grop stutt over midten på båten. Ingen av desse gropene er heilt sikre.

17-19. Tre båtar. Står 4,4 m aust for 13-14 og litt lågare på berget, etter Hallström 6,4 m o.h. To av dei er kalkerte av Hallström (fig. s. 412 oppe til høgre, her fig. 2). Den tredje båten er berre ei horisontal line som bøyer opp mot høgre og står litt ovafor nr. 18. Elles ser ein ikkje anna enn det som Hallström har kalkert, og figurane vart ikkje nykalkerte no. Dei horisontale linene fylgjer lagdelinga i berget og let seg ikkje skilja frå andre, naturlege liner. Mot venstre taper nr. 17 seg i sterkt vitra berg.

2.3. Vassiget over ristninga

Det ligg svært nær å tru at staden der ristninga er plassert er vald på grunn av vassiget frå den vesle myra ovanfor. Det kan gjevast ei lang rekkje andre døme på helleristningar av bronsealdertype på berg ned i vassig eller nær rennande vatn (jfr. s.25), så mange at det verkar påfallande, og såleis at ein synest ha grunn til å tru at vassiget eller det rennande vatnet gjorde sitt til at staden vart vald til ristninga.

På Bogge var det vassig direkte over figurane 1-5, resten av ristninga står tett ved. Vassiget kjem ut frå den vesle myra på to stader. Den eine er ei lita klova i berget mellom nr. 9-10 og 11-12 og såleis svært nær midten av ristningsfeltet. Det kan vera verdt å leggja merke til at det er figurar av uvanleg slag, dobbelspiral, hjarteforma figurar og små ringar som er plasserte nærast denne klova på begge sider. Beint ned for klova er berget rustfarga, noko som ikkje finst elles på staden. Den andre




Fig. 4. Figurane i den midtre gruppa på Bogge IV. Kalkering ved Egil Bakka 1978.

staden vassiget kjem ut frå myra, er 3-4 m lenger vest. Her renn det breitt over flatt berg ovanfor båtane nr. 1-4. Nedover berget renn vatnet sjølvsagt slik det best kan og vert leidd hit eller dit av sprekkar og søkk (fig. 5). Frå klova med vassiget på midten og vestover 4-6 m går ein djup sprekk som fylgjer lagdelinga i berget med slakt fall mot vest til eit lågaste punkt over vestre del av båten nr. 2. Denne sprekken er synleg på Hallströms fotografi fig. 99, tvers over biletet tett over dei to nedre



Fig. 5. Vassig over Bogge IV. (Foto K. Sognnes 1978)

båtane. Han var full av jord og gras og det seig vatn nedover frå han mange stader. For å letta arbeidet med kalkeringa, freista eg plukka bort noko av dette graset. Då fylgde også den seige og vassdregne torvstrimmelen i sprekkene med, og sprekkene vart til ei vassrenne som tok opp alt vassiget frå dei to utlaupa frå myra. Sprekken er gjennomgåande 4-6 cm brei og inntil 10 cm djup. Når han var fri for jord, tok han unna alt vassiget, endå det rann nokså friskt, til det fløynde utover i ca. 30 cm breidd tett over båt nr. 2.

Båtane nr. 1-6 synest vera plasserte i høve til denne sprekkene. Nr. 1, 3 og 6 ovanfor han på dei næraste flatane som var fine nok til figurar og nr. 2, 4 og 5 tett etter kvarandre like nedanfor sprekkene.

3. SAMANLIKNINGAR

3.1. Motiva

Båtane på Boggeristninga soknar alle til ein bestemt type som er mest detaljert attgjeven i dei rett einsarta nr. 2-5. Dei andre båtane er til dels forenkla attgjevingar av same typen, dels ufullstendige restar av båtar.

Det er konturteikna båtar med dobbel framstamn. Den indre stamnen vil eg med Marstrander (1963) kalla relingstamn og den ytre kjølstamn. Atterenden er avslutta med ein bakstamn og ein stutt, rett kjølspord, som ei forlenging av botnkonturen. På nr. 3, 6 og 16 er atterenden forenkla, med kjølspord som enkel strek på nr. 6 eller berre ein avsats på nr. 3 og 16. To av båtane, nr. 2 og 4, har ekstra liner over, parallelle med relinga, som eit linepar på nr. 2 og enkel line på nr. 4. Etter plasseringa høyrer dei visseleg saman med båtane, utan at ein vil tru dei er delar av sjølve båtbiletet. Eg held det for usannsynleg at dei skulle gje att den bortre relinga. Perspektivteikning er i det heile totalt framandt for helleristningskunsten. Av andre døme kan nemnast eit på Samnøy i Fusa, Hordaland (Mandt Larsen 1972, pl.64). Ein av båtane har i alle fall to mannskapsstrekar, noko som er mindre vanleg med konturteikna båtar enn med andre typar.

For den som har båtar frå nyare tid i tankane, må slike detaljar som kjølstamn og kjølspord synest underlege, men dei gjev att konstruktive detaljar på den tids båtar. Sjølve konstruksjonen kjenner ein i alle vesentlege trekk frå Hjortspringbåten frå Als i Sønderjylland. Botnbordet og relingane var forlengde utanfor sjølve skroget, som var avslutta med eit innfelt mellomstykke som sideborda var festa til. Ein rekonstruksjon av bronsealderbåten som skinnbåt verkar lite overtydande.

I teikning vert bronsealderbåten attgjeven i ymse utformingar, dels etter endringar og variasjonar i forma på sjølve båtane gjennom bronsealderbåten si lange levetid, dels er bileta stiliserte og skjematiskerte etter meir spesielle konvensjonar når det galdt å teikna båtar. For helleristningskronologien spelar båtbileta ei heilt grunnleggjande rolle.

Båtbileta kan ordnast og inndelast i grupper og typar etter fleire ulike kriterium, og i litteraturen finn ein ikkje rett få måtar å ordna dei på, oftast etter form og stil, med tanke på å ordna dei kronologisk. Den mest utførlege, detaljerte og konsekvent gjennomførde typeinndelinga er gjord av Eva og Per Fett (1941) for dei sørvestnorske ristningane sitt vedkomande. Forfattarane understrekar at det er eit reint typologisk skjema, ikkje ei kronologisk ordning. Dei konturteikna båtane er i deira skjema type F, med variantar. Elles vil ein finna greitt oversyn over dei ymse ordningsmåtane i eldre litteratur hos Marstrander: *Østfolds jordbruksristninger* (1963). Av seinare litteratur kan nemnast P.V. Glob: *Helleristninger i Danmark* (1969).

Etter teiknemåten har Marstrander ordna bronsealderbåtane systematisk i hovudgrupper: A) einlina båtar utan kjølspord, B) einlina båtar med kjølspord, C) tolina båtar i strekteikning, D) båtar med heilt uthogge skrog og E) konturteikna båtar. Det er ei klårt uttrykt allmenn meining at fullstendig same verkelege båt kan vera attgjeven i ulik teiknemåte, så at ein i denne grupperinga ikkje utan vidare har ei kronologisk ordning. Tvert imot synar andre form- og stildrag at ulike teiknemåtar gjekk parallelt gjennom tida.

For tidfestinga opererer Marstrander med eit hovudskilje mellom "den enkle stil" frå eldre bronsealder og "den rike stil" frå yngre bronsealder. Glob har for Danmarks helleristningar kome til resultat i den kronologiske ordninga som i hovudsaka samsvarer med Marstrandens. Kor vidt stilskiftet skulle liggja i den seinare delen av eldre bronsealder eller i den

tidlege delen av yngre bronsealder er elles avhengig av korleis ein vil datera Wismarhornet og dei helleristningsbåtane som liknar mest på båtane der. Glob viser elles til "båtane" på Skallerupvogna (Glob 1969, fig. 31) frå 3. periode, der fugleavslutningane på stamnane utan tvil ville ha vore i "den rike stil" om dei var på ei helleristning.

Dei konturteikna båtane, Marstrandens gruppe E eller Hafslundgruppa, er vidt utbreidde, men etter måten sjeldne i høve til somme andre grupper. Dei finst ikkje i Danmark, mogleg fordi helleristningsskikken slutta tidlegare der enn somme andre stader i Norden. Etter Marstrander er det berre i Rogaland dei er meir rikeleg representerte. Etter lista hjå Fett og Fett (1941) var der 19 sikre eksemplar. Lenger nordover på Vestlandet er dei likevel endå vanlegare. Både finst dei i større tal enn andre stader, og dei er vanlegare i høve til andre båttypar. På Staveneset i Askvoll finst dei på tre lokalitetar med tilsaman 13 figurar. Elles er der 2 slike båtar på Utbjoa i Hordaland (Mandt Larsen 1972). Også i Trøndelag finn ein konturteikna båtar, såleis på Bardalfeltet ved Steinkjer (Gjessing 1936). Det vestnorsk-trøndske området, som i bronsealderen syner stor indre samanheng, synest vera hovudområdet for konturteikna helleristningsbåtar, og båtane på Bogge går tvangsfritt inn i dette.

Tidfestinga av dei konturteikna båtane er rimeleg klår. Dei er utan tvil samtidige med båtar som er teikna på annan måte og som dei liknar mykje på; tolina båtar i strekteikning og båtar med heilt uthogd skrog, såleis som t.d. Eva og Per Fett (1941) og Marstrander (1963) meiner. Marstrander meiner vidare at

"forbildet for konturhoggingen måtte være å finne i yngre bronsealderens dekorative kunst slik den bl.a. kommer til uttrykk i rakeknivenes skipsfigurer. Blant disse finnes det eksempler på konturtegning som danner en nøyaktig parallell til helleristningenes fremstillinger. Både på helleristningen og i rakeknivenes utsmykking må dette

trekket oppfattes som uttrykk for den herskende stilretning i den midtre og senere del av yngre bronsealder" (1963, s.159).

Den eldste rakekniven med konturteikna båt er frå 4. periode, funnen i Vimose på Sjælland (Glob 1969, fig.33). Av helleristningsbåtar kan elles t.d. Brandskogskipet i Uppland daterast mykje godt sjølvstendig etter stilen til 5. periode (9. tidsgruppe), som det elles ofte har vore peika på i litteraturen. Når Althin (1945, s.150f) daterer Brandskogskipet til yngre jernalder, verkar det mildt sagt uforståeleg.

Det er drag ved båtane på Bogge som kan tyde på at dei er seine innan levetida for typen. I framenden er relingstamn og kjølstamn jamlange og parallelle, dei står skrått ut og er ikkje høgt oppsvungne, slik det er vanleg på dei fleste typiske og sikre bronsealderbåtane. I dette er det ein klår likskap med Marstrandens Mikkelsborgtype (S. Marstrander 1963, fig.41), som etter likskapen med Hjortspringbåten vert datert til tidleg jernalder. Det som kanskje mest skil Bogge-båtane frå denne typen er den stutte og rette kjølsporten i atterenden, som syner stort samsvar med bronsealdertypane. På Mikkelsborgtypen og Hjortspringbåten er begge endane mykje godt like. Bogge-båtane vert då ein mellomting mellom bronsealdertypane og Hjortspringbåten, og kunne på typologisk grunnlag ordnast inn nokon stad mot slutten av bronsealderen eller i tidlegaste jernalder.

Mikkelsborgtypen er etter Glob ukjend i Danmark. Han finst i Båhuslen og i Noreg, så vidt i Østfold, meir vanleg på Vestlandet, i Rogaland, Hordaland (Skjerve på Voss) i Nordfjord (Henne og Kårstad) og i Trøndelag (t.d. Bardal og Hammer). På Nordvestlandet finn ein også båtar med klufta stamnar på Kårstadristinga frå Nordfjord og på Røskard, Sunnmøre (Mandt 1973), og dei er truleg endå yngre enn Mikkelsborgtypen/Hjortspringbåten, så at helleristningsstikken med båtar som hovudmotiv synest å halda fram lenger her enn elles i Skandinavia. Dersom

Bogge-båtane er rimeleg rett daterte i det eg har halde fram ovanfor, høyrer denne ristninga ikkje til dei yngste, om ein nok vil tru ho ligg nær slutten på bronsealderen.

S-spiralen nr. 9 på Bogge IV er liten og enkel og i og for seg eit relativt sjeldent motiv, om nok enkeltspiralar, dobbelspiralar og andre utformingar av spiral er relativt vanlege og vidt utbreidde. Spiralen er eit motiv som vart nytta i eldre bronsealder, men som etter alt å døma også heldt fram i yngre bronsealder. Elles i Møre og Romsdal skal det finast to små spiralar på ein stor stein frå ei gravrøys på Setre i Hjørundfjord (Fett 1950, s.10, jfr. Mandt 1984).

Dei to små **hjarteforma figurane** nr. 11 og 14 er like sikre som noko anna på Boggeristningane, men som ristningsmotiv er dei så vidt eg veit eineståande, utan rimelege parallellar nokon stad. Korleis dei skal tolkast har eg inga meining om, men i og med at dei begge står over små ringar med midtgrop eller noko slag ring eller rutemønster (Hallströms kalke-ring), tør dei vera delar av større, meir samansette og no ufullstendige figurar.

Ringar, til dels med sentralgrop, finst som heilt små figurar (nr. 10 og 12), men også som ein større ring med firkanta "handtak" over (nr. 15), og med noko teikning inni. Ringar og andre rundfigurar med "handtak" er elles velkjende på vestnorske helleristningar (Tasta, Åmøy, Bruteigsteinen, Håhaugsteinen, Svolland (ikkje på Mandts kalkering). Dei finst også elles i Norden. Kronologisk avgrensing på dei synest ikkje vera mogeleg innan helleristningstida.

Groper høyrer til dei aller vanlegaste ristningsmotiva. Det er dei som kanskje har vidast utbreiing og lengst levetid, liksom også tolkinga er uviss. Dei få og små gropene på Boggeristningane er til dels uvisse, men eit par av dei synest knapt vera naturlege søkk. Elles kan ein truleg

festast seg ved at groper ikkje er vanlege på dei seinaste ristningane med båtar av Mikkelsborg- og Kårstadtype (Kårstad, Røskard, Henden, Hammer IX, Skjerve). I yngre funnsamanheng er gropane knytte til graver og gravminne frå jernalderen, men andre ristningar med groper har ein ikkje grunnlag for å setja seinare enn bronsealderen.

3.2. Plassering i lendet

Plasseringa i lendet, på berg mot sjøen, svarar heilt til det som elles er vanleg på Vestlandet, der dette spring sterkt i augo. Det gjeld frå Rogaland i sør, der den store mengda av ristningar på Åmøy ligg slik til, men også fleirtalet av andre ristningslokalitetar på Nord-Jæren og i Ryfylke ligg slik, t.d. Nag og Bru (Fett og Fett 1941).

I Sunnhordland ligg ristningane på Svolland og Utbjoa slik til, vidare Fjøsneset på Fjøsna i Etne, Hammarhaug i Ølve i Kvinnherad, Vangdal i Kvam og Kvednaraugo ved Frøyenes i Ullensvang (Mandt Larsen 1972). Vidare nordover er denne plasseringa så godt som einerådande i Fjordane: Naustvika og Leirvågneset på Atløy og 6 lokalitetar over nokre kilometer på Staveneset i Askvoll, Domba i Flora, Færelderistinga på Husevågøy i Vågsøy og dei nedre to lokalitetane på Henne i Gloppen (Bakka 1973b). Kårstadristinga i Innvik vart bortsprengd ved vegarbeid i strandsona.

Det finst sjølvsagt også ristningar på Vestlandet som ikkje ligg på berg ved sjøen, men om ein her ser bort frå dei mange ristningane i indre Hardanger og indre Sogn, er det eit avgjort mindretal som ikkje ligg slik til.

Dette spring sterkt i augo for Vestlandet sitt vedkomande og kan knapt vera tilfeldig. Korleis det eigentleg er i andre helleristningsstrok, der landhevinga frå bronsealderen til no er større så at stranda i dag på

jamnen er komen lenger ifrå, er det vanskelegare å ha noko bestemt meining om. I alle fall har mange av ristningane i Østfold og Båhuslen vore nærare stranda i bronsealderen enn i dag, utan at ein kan vita kor mange som då låg i strandsona.

3.3. Vassig

Eit anna karakteristisk trekk er tilknytninga til vassig og rennande vatn. På Bogge vil ein som nemnt kunna gissa på at ristninga med vilje og tanke er plassert til vassiget. Vassig eller rennande vatn like ved er då også rett vanleg for jordbruksristningane andre stader. No er ikkje dette systematisk handsama i litteraturen, og det er vanskeleg å gje fullnøyande oppgåver, berre spreidde døme utanom det eg sjølv har granska systematisk, helleristningane i Hordaland og Sogn og Fjordane. Her skal nemnast Utbjoa og Fjøsneset i Sunnhordland, Sleasteinen på Skjerve på Voss, Samnøy i Fusa og Aga i Ullensvang, der det er kjelder med vatn som kjem ut or fjellet få meter frå ei ristning med konsentriske ringar. På Atløy i Askvoll i Sunnfjord er det vassig på begge lokalitetane ved Naustvika. På Naustvika aust kjem det ut or berget med ristningar slik at det har sett seg ein stor raud rustfleck. På Staveneset er det vassig over lokalitetane Råneset aust og Råneset indre, der nokre av figurane ligg i stendig vassig. Ristninga ved moloen på Unneset på Staveneset ligg tett ved ein bekk, og ristninga i utmarka til Mjåset på Staveneset ligg på ein lokalitet som ber namnet Ølkona, visseleg eit rosande namn på ein bekk med friskt og årgangs vatn som kjem ned tett ved ristningane. Færelderistninga på Husevågøy har ein liten bekk som stryk inntil foten på bergknausen med dei lågaste figurane mindre enn ein meter ifrå.

Også i andre landsdelar er det mange og gode døme på samanheng mellom jordbruksristning og vassig eller bekk. På Hammer ved Steinkjer ligg lokaliteten Hammer III ved ein bekk, som med stor vassføring skyljer over

dei lågaste figurane. Det store ristningsfeltet på Leirfall i Stjørdal ligg tett ved ein stor bekk, og på Gjeite i Levanger er der kjelder og ristningar på ein stor jordfast stein tett saman i skråninga nord for garden (jfr. L. Marstrander 1973). På Åmøy ved Stavanger er der vassig over lokaliteten Åmøy VI 5 med det fem meter lange helleristningsskipet (Fett og Fett 1941 pl. 22 og pl. 59 A-C). I Østfold og Båhuslen er vassig på og ved helleristningsberg rett vanleg. Også i Uppland har ein inntrykk av å trakka i vassig og bløyte inntil helleristningsberga fleire stader. Såleis er det bløyte i jorda ved foten av berget med Brandskogskipet.

4. SUMMARY

Six sites with rock carvings were discovered at the farm Bogge in Nesset municipality, Møre og Romsdal county. The Stone Age zoomorphic carvings are best known. The Bronze Age boat carvings have never been thoroughly investigated. The late Egil Bakka investigated one of the Bronze Age sites in 1978.

Nineteen carvings were found on Bogge IV, which is the lowermost of the Bogge sites. Twelve carvings depict boats. Other motifs are rings, spirals and heart-shaped pictures. The site is normally submerged in water. Bakka assumed that this was one of the main reasons why the rock was chosen for the engraving. The carvings seem to have been deliberately placed near a long crevice which drains most of the water.

The boat carvings depict typical Bronze Age boats known from many other Skandinavian rock art sites. They are, however, drawn in a rather uncommon fashion, with contoured hulls and prows. Such pictures are most frequent in western Norway and Trøndelag and are generally dated to the Late Bronze Age. Bakka typologically dated the Bogge boats to the end of the Bronze Age.

The Bogge IV carvings were engraved when the rock was situated close to the contemporary sea level. This is also the case for a great number of other sites in western Norway. Running water is also frequently found at or near Bronze Age rock art sites.

5. LITTERATUR

- Althin, C-A. 1945 *Studien zu den bronzezeitlichen Felszeichnungen von Skåne*. 250 s. Lund
- Bakka, E. 1973a Om alderen på veideristningane. *Viking XXXVII*, s. 151-187. Oslo
- 1973b *Helleristningar i Ytre Fjordane*. 31 s. stensilert
- Fett, E. og P. Fett 1941 *Sydvestnorske helleristninger. Rogaland og Lista*. 161 s. Stavanger
- Fett, P. 1950 Hjørundfjord prestegjeld. *Førhistoriske minne på Sunnmøre nr. 7*. 11s. Bergen
- Gjessing, G. 1936 Nordenfjelske ristninger og malinger av den arktiske gruppe. *Inst. for sammenl. kulturforskning serie B XXX*. 207 s. Oslo
- Glob, P.V. 1969 Helleristninger i Danmark. *Jysk arkæologisk selskabs skrifter bind VII*. 333 s. Odense
- Hagen, A. 1969 Studier i vestnorsk bergkunst. Ausevik i Flora. *Universitetet i Bergen årbok humanistisk serie 1969:3*. 151 s. Bergen
- Hallström, G. 1938 *Monumental art of Northern Europe from the Stone Age I. The Norwegian localities*. 544 s. Stockholm
- 1960 *Monumental art of Northern Sweden from the Stone Age*. 401s. Stockholm
- Mandt Larsen, G. 1972 Bergbilder i Hordaland. *Universitetet i Bergen årbok humanistisk serie 1970:2*. 158 s. Bergen
- Mandt, G. 1973 Kårstad-feltet. Kronologiske betraktninger omkring en nyundersøkelse. *Viking XXXVII*, s. 103-126. Oslo
- 1984 Bergkunsten speiler tro og tanker i fortida. *Fra de første fotefar*, s. 61-69. Ålesund

- Marstrander, L. 1973 Gravfeltet på Gjeite ved Levanger. Gravningshistorikk. *Viking XXXVII*, S. 133-139. Oslo
- Marstrander, S. 1963 Østfolds jordbruksristninger. Skjeberg. *Inst. for sammentl. kulturforskning serie B LIII*. 481 s. Oslo
- Nordén, A. 1939 Die Schiffbaukunst der nordischen Bronzezeit. *Mannus 31*, s. 347-398.
- Wik, B. 1979 Nettet. Topografisk-arkeologisk registrering 1978. *Funn og fornminner i Møre og Romsdal no. 5*. 108 s. Trondheim